



Tore Magnus var innom Gamleskolen også i fjor, men då i regi av kommunen.

Denne gongen var det dei driftige damene i TI-aren som fekk han hit og som finansierte besøket med ein minibasar i etterkant av konserten.

Trubaduren bur på Austlandet men har ikkje gløymt røtene sine og det pregar også repertoaret. Han har ein stor suksess bak seg og den flyt han framleis på: Melodien til Inger Hagerups 'Våre små søsken' som han vann talentpris for i 1971.

I Gamleskolen song han forresten også ein ny eigenprodusert låt som gjorde inntrykk og som heitte 'Etter bruddet' og viste med det at det slett ikkje berre er musikalsk hermetikk han har å servera. Men det meste var tradisjonelle allsongar som han plukka frå heftet sitt og som hadde stor spennvidde både geografisk og ellers: Frå 'Dar kjem Dampen' til 'Pengegaloppen'.

Programmet knytta han saman med småprat ispedd både skrøner og sanne historiar.

Igrunnen vart det fem koselege kvarter i Gamleskolen og ein må berre beklaga at fleire av dei i går 35 kafegjestene gjekk før han sette igong.

Av Ola Matti Mathisen